

Klage på vedtak om avslått byggesøknad

Viser til brev av 20.09.18 kor kommunen informerer om avslag på byggesøknad ved bruk 56/9, ref. 15/2410 - 18/28895. Det står ikkje i klartekst i brevet frå kommunen, men eg les det slik at søknaden er avslått grunna at det har tatt for lang tid å få avklart vegspørsmålet i byggesaka.

Kommunen ber i brev av 05.06.18 ref. 15/2410 - 18/18045, om ei løypemelding rundt byggesaka. Underteikna svarte på brevet 10.07.18, direkte til sakshandsamar og til postmottak i kommunen. I brevet med, svar frå underteikna, forklarar eg til kommunen at vegspørsmålet er avhengig av ei avklaring frå kommunen når det gjeldt eit innspel frå advokat Bjørn Liabø. Vidare gir eg kommunen ei utfyllande forklaring på kvifor vegspørsmålet har tatt så lang tid, noko som burde vere kjend for sakshandsamar då han gjennom heile prosessen har vore handsamar i saken. Kommunen har ikkje komen med svar på brevet av 10.07.18. Kommunen har heller ikkje svart på purring frå advokat Liabø. Altså har me ikkje hatt moglegheit til å kome vidare i saka.

Med tanke på brevet frå kommunen 05.06.18, og svar på dette frå underteikna, samt purring frå fleire andre involverte i tida etter, finn eg det svært merkelig at det neste me høyrer frå kommunen er eit avslag på byggesaken. Eg klager på vedtaket då me mangler svar på vesentlige spørsmål frå kommunen for å komme oss vidare i saka. At kommunen ikkje er part i vegprosessen medfører ikkje riktighet. Under følger ei utgreiing av saka så langt.

Ei kort oversikt over saka fram til dags dato

Byggesaka er ei del av ei lang og krevjande prosess for underteikna. Eg meiner det er vesentlig for å behandle klagen å få ei grunnleggande forståelse for sakens kompleksitet. Dette for å forstå kvifor det har tatt så lang tid, og at det heile vegen har vore jobba med saka. Den oversikten er gjerne vanskelig å få gjennom den omfattande saksgangen som omgjer byggesaka.

Byggesøknaden kom som eit krav frå kommunen etter omfattande vedlikehald av huset på bruk 56/9. Garden og huset har stått der, med tilkomst slik som i dag, i om lag 100 år. Naboeigendomen (56/12) bestridde vår rett til bruk av noverande utkjørsle, noko som enda i jordskifteretten. Her fekk ein medhald i at eigendomen har vegrett over eksisterande utkjørsle.

På 90- talet hadde imidlertid naboeigendomen (56/12) satt opp ein garasje på andre sida av vegen, i forhold til dagens utkjørsle, utan å søkje om byggeløyve. For å unngå riving av garasjen omgjer kommunen, på 90-talet, dagens utkjørsle frå ei vanlig utkjørsle til ein driftsveg. Her gjer kommunen ei saksbehandlingsfeil, då dei ikkje tar inn over seg at dette er tilkomstvegen til alle eigedomane på Søre Hundvin. Men sidan omgjera ikkje vert fanga opp av nokon på Søre Hundvin, får det heller ikkje yttarlegare konsekvensar før eg skal i gong med byggesøknaden.

Dagens utkjørsle er trang og uoversikteleg, og samstundes er eigar av 56/12 lite glad for å ha trafikken så nære sitt tun. Eigar av 56/12 foreslår etter rettsaka ei ny utkjørsle, rett aust for dagens utkjørsle. Sumaren 2016 heldt alle involverte ei synfaring, og søknad om ny utkjørsle

vert sendt til kommunen. På den måten unngår ein å gå inn i ein prosess med omgjerung av det gamle feilaktige vedtaket, som i verste fall ville enda i riving av garasjen. Ein får og ei ny og bedre utkjørsle som løysar eit betent tema på Hundvin for fleire enn berre underteikna.

Ny utkjørsle blir saksbehandla og godkjent frå kommunen, og no gjenstår kun at eigedomane 56/12 og 56/17 underskriv bruksrett på avkjørsla til dei andre eigedomane på Søre Hundvin.

Men plutselig er ikkje 56/12 lengre så positiv til den nye utkjørsla, og får etter mykje fram og tilbake det neste året kommunen til å omgjere godkjenninga av utkjørsla til kun å gjelde 56/9, og ikkje dei andre bruka på Søre Hundvin. Saksbehandlar i kommunen virker å ikkje heilt ha oversikt i saken, og det kjem inn moment rundt bruk av postvegen osv. Alt styret fram og tilbake fører til at underteikna tar initiativ til eit møte med kommunen, ved byggesak og vegavdeling, samt statens vegvesen 23/2-17. Møtet er konstruktivt og alle vert informerte om at spørsmål om bruk av postvegen er ivaretatt, og ei avtale er skissert, men fordrar at utkjørsla er ferdig før avtalen vert realisert. Partane får og eit innblikk i kvifor saka er så komplisert, og at ei løysning her vil vere til fordel for fleire enn kun underteikna. Kommunen og sakshandsamar virkar då å ha forståelse for at dette er ei komplisert og tidkrevjande prosess.

Eigar av bruk 56/17 får i tida framover mykje anna å stri med, og ein får ikkje på plass ei avtale om bruk og vedlikehald av ny utkjørsle, som dei vil ha på plass før dei signerer bruksretten. Det høyrer med til historia at advokaten som skulle utforme avtalen brukte svært lang tid på arbeidet, og at eigar av 56/17 kun nyttar eigendomen som fritidseigendom, noko som gjer at ting tar lengre tid.

På vårparten 2018 får underteikna beskjed av eigar av bruk 56/17 at eigar av bruk 56/12 har vore i kontakt for å undersøke ei alternativ ny utkjørsle. Det einaste problemet her er at dette alternativet ikkje er noko nytt, men eit alternativ som har vorte utreda fleire gonger tidlegare. Underteikna har vore i kontakt med vegavdelinga og landbruksavdelinga i kommunen for å forsøke å få eit raskt svar i saka, og kome vidare, men får då beskjed om at dei først må få ei formell forespørsel. Men dei ser ikkje ser at det er noko som skulle gi ei anna konklusjon denne gongen.

Alt dette er sakshandsamar informert om i brev av 10.07.18. Samstundes maner eg, som eg har gjort tidlegare, til at eit godt samarbeid, og kommunikasjon, er vesentleg for å finne ei løysing på denne saka. Det gjer det sær underleg at sakshandsamar ikkje svarer på brevet, eller nokre andre henvendingar, før me no får avslaget.

Håper å få fullført saka, då det ikkje berre vil vere til fordel for meg, men og for kommunen og dei andre innbyggjarane på Hundvin. Eit avslag vil kun føre til ei endå meir tidkrevjande saksgang, og ukvemje både for underteikna og for kommunen. Ber derfor om at kommunen kjem med ei uttalelse kring den alternative traseen slik at me kjem oss vidare i denne saka.

Vonar no på eit betre samarbeidsklima.

Betre helsing

Andreas Hundvin